



## VEDTEKTER

### § 1 FOREININGA SITT NAMN OG FORMÅL

#### Namn

§1.1 Foreininga sitt namn er: Suløen Båtforening.

#### Formål

§1.2 Suløen Båtforening er ei allmenntytig, ikkje-kommersiell demokratisk medlemsforeining, som har som mål å fremje det beste for medlemmane på ein slik måte at der vert eit miljø der medlemmane kan samlast og trivast.

§1.3 Foreininga sitt formål er å:

- 1) Fremje individuelt og samla båtliv sine interesser på vegne av medlemmane og allmenta.
- 2) Virke for etableringa av og stå for drifta av fritidsbåt hamner og øvrige anlegg.
- 3) Virke for fritidsbåtlivet som rekreasjon og kystkultur
- 4) Virke for kunnskap om sjøvett, sikkerheit, kystkultur og marint miljøvern
- 5) Arbeide for medlemmane og allmenta sine interesser og rettar til bruk av skjergarden og havet som rekreasjonsområde og til anna privat fritidsbasert bruk.
- 6) Samarbeide med andre private aktørar, organisasjonar og offentlege styresmakter til fremje av båtlivet og båtfolket sine interesser.
- 7) Arbeide for andre saker som har naturleg tilknytning til foreininga.

### § 2 MEDLEMSKAP

#### Innmelding

§ 2.1 Alle som ønsker det, kan verte medlem i foreininga.

Medlemskapet gjeld frå det tidspunkt kontingent er betalt.

#### Medlemstypar

§ 2.2 Foreininga har 2 medlemstypar:

A- medlem, medlem som har båtplass og deltek i vakthald og dugnad.

B- medlem, medlem som ikkje har båtplass.

#### Ansvar og plikter

§ 2.3 Alle båtar som er fortøydd på båtplassar i hamna bør ha gyldig forsikring.

§ 2.3.1 Medlemen er ikkje økonomisk ansvarleg for anna enn innskotet i foreininga.

§ 2.3.2 Medlemeden må rekne med å ta på seg tillitsverv.

§ 2.3.3 Alle medlemmane skal rette seg etter dei vedtekter og reglar som til ei kvar tid er gjeldande for foreininga.

§ 2.3.4 Kwart medlem er ansvarleg for å:

- 1) Varsle foreininga sitt styret om postadresse, telefonnummer og E-postadresse.
- 2) Betale kontingent, avgifter og innskot til rett tid.
- 3) Melde frå til rette vedkomande (komitéleiar, -medlem eller vakt) om alle uregelmessigheiter i hamna.
- 4) Verne om foreininga sine interesser og bidra til orden og reinsemd i hamna, på opplagsplassen, og i foreininga sine lokale.

### **Utmelding**

§ 2.4 Utmelding av foreininga skal varslast skriftleg til styret.

§ 2.4.1 Ved utleige og sal av båtplass skal styret ta del i prosessen.

§ 2.4.2 Uteståande fordringar til foreininga skal hevdast i salsprosessen.

### **Regelbrot/konsekvensar**

§ 2.5.1 Medlemmar som ikkje fylgjer gjeldande vedtekter, regler, eller som på annan måte oppfører seg uakseptabelt, kan bli fråteken medlemskapet i foreininga. Medlem kan etter søknad behalde båtplassen til ankesaka er handsama av årsmøte.

§ 2.5.2. Eit medlem som blir fråteken medlemskapet, kan anke saka inn for første påfølgjande årsmøte. Saka vert avgjort med simpelt fleirtal.

## **§ 3 KONTINGENT**

§ 3.1 Medlemskontingent for kalenderåret skal vere betalt innan forfall. Medlemmane betaler kontingent i.h.t. medlemskategori (sjå §2.2.)

§ 3.2 Ved manglande innbetaling kan det kome til purregebyr. Dersom eit medlem ikkje har betalt etter fleire purringar, kan saka bli handsama i styret.

## **§ 4 TILDELING AV BÅTPLASS**

§ 4.1 Kwart medlem får tildelt ein hamneplass i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande hamnereglar. Styret er siste ansvarlege instans i denne prosessen.

§ 4.2 Eit medlem kan overdra sitt medlemskap til ektefelle, registrert sambuar eller barn, det same gjeld ved medlemeden sin bortgang. Vedkomande tek over medlemeden sine plikter og rettar.

## **§ 5 FORENINGA SI ORGANISERING OG DRIFT**

§ 5.1 Årsmøtet er foreininga sitt øvste organ.

§ 5.2 Styret leiar foreininga iht. vedtektene mellom årsmøta.

§ 5.3 Andre komitéar og utval kan bli oppnemnt av årsmøtet eller styret, og utfører oppgåver iht. instruksar eller dei rammene som vert gitt av oppdragsgivar.

§ 5.4 Leiarane av alle komitear og utval er ansvarlege for å rapportere til styret om sitt arbeid.

## **§ 6 ÅRSMØTE**

### **Generelt**

§ 6.1 Årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av februar. Ved særlege høve kan styret vedta avvik .

§ 6.2 Alle medlemmar har møte, tale- og stemmerett på årsmøtet ved personleg frammøte.

### **Innkalling**

§ 6.3 Styret kallar inn til møtet med minst 21 dagar varsel.

#### **§ 6.4 Prosedyre for innkalling:**

- 1) Innkalling vert sendt på E-post til medlemmar som har opplyst slik adresse.
- 2) Medlemmer uten E-postadresse får tekstmelding på mobiltelefon dersom mobiltelefonnummer er opplyst.
- 3) Innkalling til årsmøte med frist for å komme med forslag til saker, vert lagt inn på foreninga si heimeside.

§ 6.5 Saksliste vert offentleggjort seinast 2 dagar før møtet, og vert sendt på E-post til medlemmer som har opplyst slik adresse.

### **Innmelding av saker til årsmøtet**

§ 6.6 Medlemmane har rett til å kome med forslag til endring i vedtektene, eller ta opp saker som sorterar under foreninga.

§ 6.7 Slike forslag må vere komen til styret seinast 2 veker før årsmøtet, eller den frist som styret set for slike forslag, men berre dersom slik frist er nærmare årsmøtet.

### **Vedtak og gyldigheit**

§ 6.8 Årsmøtet har vedtaksrett når minst 20% av medlemmane er til stades. Vert frammøtet for lite, skal det fastsettast ekstraordinært årsmøte, som har vedtaksrett, utan omsyn til talet frammøtte medlemmar.

§ 6.9 Årsmøtet sine vedtak vert gjort med simpelt fleirtal.

§ 6.10 Ved likt stemmetal avgjer styreleiaren si stemmegjeving saka.

§ 6.11 Endringar i vedtektene må ha 2/3 fleirtal av dei frammøtte.

#### **§ 6.12 Gjennomføring**

1. Registrering av frammøte.
2. Godkjenning av innkalling.
3. Val av møteleiar, skrivar, 2 personar til underskriving av årsmøteprotokoll og teljekorps.
4. Årsmelding.
5. Revidert rekneskap.
6. Innkomne saker.
7. Budsjet

## 8. Val.

Alle val skal gjerast skriftleg dersom det er forslag til fleire enn ein person. Ved stemmelikheit mellom to kandidatar, skal valet avgjerast ved loddtrekning.

### § 6.13 Val av styret

Styret skal vere samansett av 5 personar kvar med sin funksjon og 2 vararepresentantar. Styremedlemmer som har faste funksjonar skal veljast for 2 år slik:

1. Leiar på val i partal år.
2. Nestleiar på val i oddetal år. (Leiar av hamnekomité)
3. Kasserar på val i partal år.
4. Skrivar på val i oddetal år.
5. Styremedlem på val i oddetal år. (Leiar i husstyret)
6. Varamedlem 1. Veljast for 1 år.
7. Varamedlem 2. Veljast for 1 år.

#### Val av hamnekomité

Komitéen skal bestå av 5 medlemmar. Komitéen er samansett av leiar og nestleiar og 3 bryggeansvarlege; A-plassar, B-C plassar og D-E plassar, disse er underlagt hamnesjefens mynde. Leiar i hamnekomitéen er medlem i styret.

#### Val av husstyret

Komitéen skal bestå av 3 medlemmar. Leiar i husstyret er medlem i styret.

Medlemmane av husstyret vert valt for 2 år av gongen, men slik at 1 medlem er på val kvart år.

#### Val av valkomité:

Skal vere 3 personar. Leiar vert valt for 1 år.

Medlemmane vert valt for 2 år, annakvart år.

#### Val av revisor:

Revisor vert valt for 2 år

## § 7 STYRET

### § 7.1 Samansetting

Foreininga sitt styre skal vere 5 faste medlemmar og 2 vararepresentantar.

Dei faste medlemmane skal ha slike funksjonar: Leiar, nestleiar, sekretær, kasserar, 1 styremedlem og 2 varamedlemmar.

### § 7.2 Oppgåver og fullmakter

Styret leiar foreininga iht. vedtektene mellom årsmøta.

Styret skal stette laget sin økonomi og andre interesser, kalle inn til møter, leggje frem årsmelding og revidert rekneskap på årsmøtet.

Styreleiar kan etter styrevedtak underteikne kontraktar på foreininga sine vegne, saman med eit anna styremedlem.

### § 7.3 **Styremøte**

Styret vert kalla saman av leiaren når han, eller andre medlemmar i styret finn det nødvendig .

Varamedlemmane vert kalla inn til styremøta, for å vere oppdatert på foreininga sitt arbeid.

Varamedlemmane har talerett i møta.

Første varamedlem har stemmerett dersom eit av styret sine faste medlemmar ikkje er til stades.

Andre varamedlem har stemmerett dersom to eller fleire av styret sine faste medlemmar ikkje er til stades.

Det skal førast protokoll frå kvart styremøte, og protokollane skal vere tilgjengelege for årsmøtet.

Styret har vedtaksrett når minst 3 av styret sine medlemmar er til stades. Ein av desse skal vere den valte leiar eller nestleiar.

Ved stemmelikheit avgjer leiaren si stemmegjeving saka.

## § 8 **KOMITÉARBEID**

### **Oppgåver hamnekomitéen**

§ 8.1 Hamnekomitéen syter for den daglege drifta av bryggjeanlegga og hamneområdet. Leiaren/styret kallar inn til dugnad når naudsynt.

Gjeldande Hamnereglar styrer drifta.

### **Oppgåver husstyret**

§ 8.2 Husstyret syter for den daglege drifta av klubbhuset og området rundt. Leiaren/styret kallar inn til dugnad når naudsynt.

## § 9 **EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE**

### **Innkalling**

§ 9.1 Styret skal, om det finn det nødvendig, eller når minst ¼ av medlemmane krev det, kalle inn til ekstraordinært årsmøte. Innkallinga skal gjerast kjent med minst 7 dagar varsel. Innkallingsprosedyre iht § 6.4 og § 6.5. Sakliste skal leggest ved innkallinga.

### **Vedtak og gyldigheit**

§ 9.2 Det kan berre gjerast vedtak i saker som står på saklista.

Ingen andre saker kan verte handsama på ekstraordinært årsmøte.

Ekstraordinært årsmøte har vedtaksrett utan omsyn til talet på frammøtte medlemmar.

## **§ 10 TOLKING AV VEDTEKTENE**

tolking av vedtektene skal avgjerast på årsmøtet, evt. ekstraordinært årsmøte, med simpelt fleirtal. Det same gjeld vedtak i forhold det ikkje er reglar for.

## **§ 11 ENDRINGAR AV VEDTEKTENE**

Endringar av vedtektene kan berre vedtakast på eit årsmøte eller ekstraordinært årsmøte. Forandringar i vedtektene må ha 2/3 fleirtal av dei frammøtte.

## **§ 12 OPPLØYSING AV FOREININGA**

Foreininga kan oppløysast etter forslag frå styret eller 1/5 av medlemmane. Forslaget må vere innsendt innan 1. januar og skal leggest fram som sak på årsmøtet.

Oppløysing av båtforeininga kan berre vedtakast på eit årsmøte eller ekstraordinært årsmøte med  $\frac{3}{4}$  fleirtal, der minst 50% av A- og B-medlemmane er til stades.

Dersom det vert gjort vedtak om oppløysing, skal styret sitt forslag til korleis dette skal utførast opp til behandling direkte, og avgjerast ved simpelt fleirtal.

Vert oppløysing vedteke med minst  $\frac{3}{4}$  fleirtal, skal det innkallast til ekstraordinært årsmøte innan 3 - tre mnd. For at oppløysing kan skje må vedtaket verte vedteke på nytt med  $\frac{3}{4}$  fleirtal. Dersom Foreininga vert oppløyst, skal Foreininga sine overskotsmidlar førast over til "Norsk Selskap til Skibbrudnes Redning" (NSSR). Samanslutning med anna foreining vert ikkje godkjend som oppløysing, og skal handsamast som vedtektsendring. Medlemmar som er hindra frå å møte, kan før møtet gje skriftleg stemme til styret.

## **§ 13 NÅR TEK DESSE REGLANE TIL Å GJELDE**

**Vedtektene gjeld frå 04.03.2021**